



**BYGG PÅ SÆRTREKK:** – Ein skal finna regionale fortrinn og byggja regionpolitikken på det, seier professor Tor Selstad. Han var henta inn som foredragshaldar på regionsenterkonferansen tysdag.

# – Sogndal må uttrykkja særpreget

■ Må byggja på regionale fortrinn ■ Treng høgt nivå på tenestene

**SOGNDAL: Sogndal skal ikkje vera redde for å lata sine fortrinn og særtrekk koma sterkt til uttrykk, meiner professor Tor Selstad.**

– Sogndal bør ha ein symbolsk kapital. Moglegvis ein byfestival, eller noko anna som uttrykkjer særpreget, seier Tor Selstad, professor i samfunnsgeografi ved høgskulen i Lillehammer.

Han var hovudforedrags-haldar på regionsenterkonferansen i går, der hovudfokuset var korleis Sogndal kan bli eit sterkare regionsenter. Selstad har nokre generelle råd til Sogndal.

– Først og fremst bør dei laga ein ny fysisk plan som handlar om reparasjon. Då kan ein fjerna småelement som er dumme, men kan gjerast noko med, seier Selstad.

## Fantasilaus bygdeby

Det kan handla om alt frå beplantning til å danna nye gaterom, skilje veg og trafikantar betre, og laga nye symbolske rom som kan fungera som samlingsplassar. Hovudgata i

Sogndal tykte han bar typisk preg av fantasilaus bygdeby. Vidare må tenestene vera på eit høgast mogleg nivå. Sogndal bør også ha noko som uttrykkjer særpreget.

– Det må vera noko som turistar kan festa seg ved, men som og andre kan festa seg ved som ein felles kulturell identitet. Ein skal finna regionale fortrinn og byggja regionpolitikken på det, seier Selstad, som trekkjer fram dei satiriske bykarnevala på kontinentet som døme.

Selstad har og sett mange andre stader slita med at dei blir flau over å vurderast bystatus. Selstad har fulgt mange slike prosessar, og meiner det kan koma noko godt ut av det.

## – Fikst med eplebyen

– Dei mest intelligente søkerane har meint noko med det. Dei har spurt seg kva dei skal bruka bystatusen til, og kva dei skal gjera for å fortene den. Dei går laus på det med friske auge og startar prosessar som er veldig gunstige, seier Selstad.

Latterleggjering meiner han er mest media si skuld. Poenget med bystatus er at tettstaden blir oppmerksom, og dei urbane sidene ved kommunen. Profes-

soren ler ikkje av tanken på Sogndal som by.

– Viss Sogndal kan vera eplebyen eller jusbyen så er det fikst det, altså, seier Selstad.

Selstad sitt innlegg handla om regionsenter er til gagn eller er ein trussel for omlandet.

Men professoren meiner trussel er ein vestlandsvri, der ein er overuroa for at eit styrkja regionsenter kan skada omlandet for mykje. I teorien kan det sjølvstykke skje, men i hovudsak er det storsentra i landet, som Oslo og Bergen, som er ein trussel mot små regionar.

Anne-Grete Sandtorv frå Stord Næringsråd fortalde om sine erfaringar med regionsentertanken i Sunnhordland, ein region med 60.000 innbyggjarar.

Regionsenterkommunen Stord har 17.600 innbyggjarar, og Sandtorv har klare tankar om korleis dei skal forholde seg til omlandet.

## – Ver raus

– Me skal veraause med nabo-kommunane, vera sunnhordlendingar og stordabuer, ta til orde for strategiar for utvikling av vinn-vinn situasjonar, og tala regionen si sak i møte med Bergen og Stavanger, sa Sandtorv.



**KONFERANSE:** Regionsenterkonferansen set fokus på korleis Sogndal kan bli styrka som regionsenter på ein måte som også gagnar omlandet. Dei fleste deltakarane var politikarar frå dei sju regionrådskommunane.

Den største trusselen er ifølgje Sandtorv utanfor regionen og ikkje i den. Professor Selstad gjorde til slutt ganske klart for forsamlinga kva som venta dei i eit Noreg som har nådd oljetoppen og teke til på eldrebølga.

– Me går tøffare tider i møte. Motsetninga by-land vil bli meir skjerpaa enn nokon sinne, seier Selstad.

Dessutan trur han styresmaktene snart vil gå vekk frå frivillighetsprinsippet for kommunesamanslåingar,

Keth Øren  
keth.oren@sognavis.no

## Til vassutval

**LEIKANGER:** Formannskapet i Leikanger har valt varaordførar Jarle Andersen (Partilau) som kommunen sin politiske valde medlem i vassområdeutvalet.

## Sal av mjølkekvotar

**LEIKANGER:** Ifølgje ei grovoppteljing gjennomført av Statens landbruksforvaltning (SLF) har om lag 300 eigarar av landbruks-eigedomar meldt mjølkekvoten inn for sal. Innmeldingsfristen var 1. oktober 2010. Legg ein til grunn at årets kvoteseljarar har tilsvarende gjennomsnittskvotestørrelse som fjorårets seljarar, gjev dette ei total salsmengde på 25,6 millionar liter. I 2009 selde 304 kumjolkprodusentar ein total kvotemengde på 25,9 millionar liter. Gjennomsnittskvoten per seljar i 2009 var om lag 85.200 liter, melder Landbruks- og matdepartementet.

# Svori konstituert som fylkeslege etter Øgar

**LEIKANGER:** Linda Svori er fylkeslege inntil ny fylkeslege tiltret.

Assisterande fylkeslege Linda Svori (35) er av Helse- og omsorgsdepartementet konstituert som fylkeslege i Sogn og Fjordane frå og med 18. oktober 2010.

## Eit halvt år


Konstitueringa gjeld inntil ny fylkeslege tiltret, eller maksimum seks månader fram i tid, melder Fylkesmannen.

Linda Svori har vore assisterande fylkeslege i Sogn og Fjordane sidan januar 2010. Ho kom då frå stillinga som fastlege i Sogndal der ho har vore sidan 2005.

## Ein søkjar

Kommunelege Per Stensland frå Sogndal var den einaste som hadde søkt jobben som fylkeslege i Sogn og Fjordane då søknadsfristen gjekk ut 7. oktober.

– Eg veit enno ikkje om eg får jobben. Det går føre seg ein tilsetjingsprosess, sa



**FYLKESLEGE:** Assisterande fylkeslege Linda Svori er konstituert som fylkeslege. Kommunelege Per Stensland i Sogndal er einaste søkjar til stillinga. (Arkivfoto)

Stensland tysdag.

Petter Øgar, som har vore fylkeslege i 15 år i Sogn og Fjordane, byrja i ny jobb som ekspedisjonssjef i kommunet

enesteavdelinga i Helse- og omsorgsdepartementet 18. oktober.

omsorgsdepartementet 18. oktober.

Mariann Skau  
mariann@sognavis.no

SPV.NO TLF 05555

EIENDOMSMEGLER VEST FRENDE FORSIKRING NORNE SECURITIES KYTE NÆRINGSMEGLING



## Gjer det ein forskjell at vi satsar på Sogn og Fjordane?

Vi sogningar og fjordingar er blitt tildelte ein storslått natur som folk reiser jorda rundt for å oppleve. Men for oss som bur her, er alt dette storslåtte så mykje meir enn eit staseleg postkort – det er sjølv livsgrunnlaget vårt. Omstillingsevna i regionen har alltid vore stor, og det blir satsa stadig meir på forskning og utvikling. Dei nyskapande designmiljøa i fylket har vist at ein ikkje treng å halde til i storbyen for å lage noko gildt og flott. Ja, det lauvast i livsstilsfylket.

## Er ikkje alle bankar temmeleg like?

Jo, når det gjeld tenester og betingelsar er dei fleste bankar like som to dråpar vatn. Men dei viktige økonomiske diskusjonane trur vi du ønskjer å ta ansikt til ansikt, og aller helst med ein du kjenner. Ein dyktig rådgivar som brenn for Sogn og Fjordane og trur på lokalmiljøet.

I tillegg til å drive ein lokalt forankra storbank er vi ein pådrivar for vekst og utvikling i

samfunns- og næringslivet i Sogn og Fjordane. Sidan 1823 har vi gitt deler av årsoverskotet til verdiskapande formål på Vestlandet. Takka vera klok bankdrift utgjer det 255 millionar kroner dei siste fire åra.

Vi er herifrå. Det gjer ein forskjell.

SparebankenVest